

Knarvik 26. september 2018

Lindås kommune,
ved vegavdelinga

Juvikstølen velforening,
ved leiar Ketil Tjore

Trafikksikring i Juvikstølen

Juvikstølen velforening er kjent med korleis kommunen planlegg trafikksikringstiltaka i Lonsvegen i samband med plan om å skilta om frå delt 30- og 50-sone til gjennomgåande 40 kilometer i timen frå krysset ved gymnaset og til krysset ved E39/gravplassen.

På dette strekket er alle fartshumpar slipte ned og erstatta av nye litt "mildare" humpar. Med unnatak av den ved Knarvik ungdomsskule, som kanskje er det viktigaste fartsreduserande tiltaket på heile dette strekket. Her er det heva overgangsfeltet heilt vekke.

Det var mange foreldre og andre som var glade då det heva overgangsfeltet kom på plass for nokre år sidan, men no er overraskinga stor over at det no er asfaltert flatt der som overgangsfeltet er. Velforeninga er kjent med at prosjektet ikkje er ferdigstilt, og at det skal komma på plass nye "sebrastriper", samt at det manglande skiltet om fotgjengarovergang skal erstattast.

Men for oss er ikkje dette tilstrekkeleg, og me stiller spørsmål ved korleis det kan vera god trafikksikring å auka fartsgrensa med 30 prosent, samstundes som ein tek vekk eit av elementa som sikrar redusert fart ved overgangsfeltet. Vårt krav er at også denne overgangen vert av den heva typen, slik det til dømes er lagt til rette for andre stader i Lonsvegen, både ved krysset mot E39 og ved Langheiane.

Det aktuelle overgangsfeltet ligg altså tett ved ein ungdomsskule med kring 340 elevar, ein vidaregåande skule med kring 1.000 elevar, og så er det mange born som skal til Knarvik barneskule som har dette som den kortaste og til no tryggaste skulevegen.

Denne saka er diskutert også ved FAU ved Knarvik ungdomsskule og FAU ved Knarvik barneskule. Me ser at vegavdelinga i eit svar til FAU ved barneskulen vil vurdera å halda på 30 kilometer/timen forbi ungdomsskulen.

Det synest me er ein god idé, og med lågare fartsgrense er det vel også lagt til rette for å få på plass eit heva gangfelt same plass, slik det har vore tidlegare.

Mvh Ketil Tjore
leiar Juvikstølen Velforening